

Gulen Musikk og Kulturskule



Vil du
bli elev?



Tlf: 57 78 20 59 / 928 94 188 E-post: imht@gulen.kommune.no

For meir informasjon – sjå Gulen kommune si heimeside – Barnehage, skule og utdanning – Musikk og kulturskule

Er dette noko for deg?



Musikk- og kulturskulen har i 2016 / 17 gjeve tilbud til omlag 50 enkeltelevar. I tillegg har me selt dirigenttenester til skulekorps.

Til no har me berre hatt tilbud innan musikk. Kva tilbud me kan få til neste skuleår, vert styrt av kva det er interesse for og kva lærarkrefter det let seg gjere å skaffe. Elevar må rekne med at dei i enkelte høve må fraktast til andre skulekrinsar enn der dei bur for å få undervisning.

Tilboda kostar, og gjeldande pris er **kr. 2490 pr. elev pr. år**. Notemateriell / utstyr kjem i tillegg.



På tilbud som gjev opplæring innan musikk (opplæring på eit instrument) får ein i utgangspunktet undervisning kvar veke. Dette kan vere åleine, i større eller mindre grupper.



Tilboda «dans», «drama», «teikne og måleverkstad», «foto» og «samspel / band» vert i utgangspunktet organisert med lengre økter i periodar av året. Desse tilboda krev stor nok gruppe

for at det kan bli sett i gang. Grupper kan bli samansett på tvers av skulekrinsar.



Undervisninga på musikk og kulturskulen skal følgje undervisningsåret på skulane slik at når **grunnskulen har fridagar, så har musikk- og kulturskulen det og**. Det vert for det meste lagt opp til bruk av instrument elevane rår over sjølve. Tangentinstrument har musikkskulen lånt til undervisning, men elevane **må** disponere eit instrument for å få **øve heime**.



Korpsa i kommunen vert drivne av egne styre. Musikkskulen sel dirigent / instruktørtenester. Vil du bli med i korps? Ta kontakt eller sjå eigen invitasjon når den kjem.

Dei som alt spelar i korps, kan søkje tilbod på musikkskulen på korpsinstrumentet sitt. Det vil vere ein god måte å få ekstra god utvikling på instrumentet sitt på.

Vil nokon gå på musikk og kulturskulen på **meir enn eit tilbod**, kan det søkjast om, men då må det **betalast for kvart tilbod**. Er det ynskjeleg å setje opp fleire alternativ på søknaden, men berre **eit** alternativ er aktuelt å vere med på, så **prioriter** ynskja slik at me veit kva tilbod me først og fremst skal gje.

Den som vil søkje, **må** sende søknad innan **1. mai**.
Dei som har vore **elevar**, og som ynskjer å halde fram, **må søkje på nytt**.



Søknaden skal sendast til:
Gulen musikk og kulturskule,
v/Inger Marie Håheim Tynning,
Ynnesdalsvegen 2719,
5961 BREKKE eller til
E-post: imht@gulen.kommune.no

Med helsing
Inger Marie Håheim Tynning,
Tlf: 928 94 188 eller 57 78 20 59

Søknad om plass ved Gulen musikk og kulturskule

Namn: _____

Adresse: _____

Skule / klasse: _____ (Klasse frå hausten)

Tlf: _____

Fødselsår: _____

Føresette: _____ Tlf: _____

Eg ynskjer undervisning i:

(Prioritering
av ynskje:)

Gruppeundervisning:

Barnekor (*desentralisert øving med fellesøving for heile kommunen nokre gonger i året*) _____ (1. – 7. klasse) _____

Song / musikkleik _____ (1. – 4 . klasse) _____

Teikne / måleverkstad _____ (1. – 4 . klasse) _____

Teikne / måleverkstad _____ (frå 5.klasse) _____

Samspel / band (*Instrument* _____) _____ (frå 5. klasse) _____

Dans _____ (frå 5.klasse) _____

Drama _____ (frå 5.klasse) _____

Foto _____ (frå 5.klasse) _____

Enkelt eller gruppeundervisning:

Korpsinstrument (*Instrument* _____) _____ (frå 3.klasse) _____

Tangentinstrument (piano / keyboard) _____ (frå 3.klasse) _____

Gitar _____ (frå 3.klasse) _____

Blokkfløyte _____ (frå 3.klasse) _____

Song _____ (frå 5.klasse) _____

For meir informasjon – sjå Gulen kommune si heimeside – Barnehage, skule og utdanning – Musikk og kulturskule.

Eg har spelt instrumentet mitt i ____ år.

Underskrift elev:

Underskrift føresette:
